

---

# **Organisering, demokrati og innovasjon (ODIN)**

## **Haut 2012 / Vår 2013**

---

# **Evalueringsrapport**



## Innleiing

Her følgjer ei evaluering av prosess og resultat for kullet som gjennomførte emnet «Organisering, demokrati og innovasjon» (ODIN) gjennom semestera hausten 2012 og våren 2013. Dette er den første av denne typen rapport gjennomført på dette emnet. Målet er at rapporten skal vera av ein slik karakter at ein kan utvikle like rapportar framover for å få eit dokument som ein kan nytta for å samanlikna ulike sider ved emnet over tid.

I kullet som skulle gjennomføre ODIN 2012/2013 vart 37 studentar meldt opp til eksamen, og 33 av desse studentane gjennomførte alle arbeidskrava. 64 prosent av desse studentane var kvinner (21 av 33). Av dei 37 studentane som vart meldt opp til eksamen gjennomførte 32 eksamen. Det vil si en gjennomføringsrate på 86%. Alle studentar som gjennomførte eksamen fekk bestått på eksamen.

### Lærerkrefter og støttepersonale har vært:

- Førsteamanuensis, Dag Runar Jacobsen, Universitetet i Bergen, Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap. (Fagansvarleg)
- Professor Per Læg Reid, Institutt for Administrasjon og Organisasjonsvitenskap.
- Professor Harald Sætren, Institutt for Administrasjon og Organisasjonsvitenskap.
- Senior Manager, Wiggo Hustad, Deloitte.
- Post.doc Lise Hellebø Rykkja, Institutt for Administrasjon og Organisasjonsvitenskap.
- Forskar I, Jacob Aars, UNI Rokkansenteret.
- Professor Emeritus, Audun J. Offerdal, Institutt for Administrasjon og Organisasjonsvitenskap.
- Stipendiat, Ole Andreas Danielsen, Institutt for Administrasjon og Organisasjonsvitenskap.
- Universitetslektor, Atle Nyhagen, Institutt for Administrasjon og Organisasjonsvitenskap.
- EVU-koordinator, Johannes Sandvik Førde, Institutt for Administrasjon og Organisasjonsvitenskap.

## 1.Samlingane


Det vart gjennomført 6 samlingar for dette emnet, 3 kvart semester. Første og siste samling vart gjennomført i Bergen, medan dei resterande 4 samlingane vart gjennomført på Sørmarka. På samlingane vart hovuddelen av tida nytta til føreløsingar samt veiledning av oppgåver. Dag Runar Jacobsen, Atle Nyhagen og Johannes S. Førde deltok på alle samlingane, medan dei resterande lærarkreftene var inne på ulike samlingar og gjennomførte føreløsingar. Gjennomføringa er skissert under:

- Første samling, Tre sentrale omgrep og perspektiv: Governance, demokrati og innovasjon, 15.-17. august 2012.
- Andre samling, Reguleringsstaten mellom fridom og kontroll, ansvar og autonomi, 24.-26. september 2012.
- Tredje samling, Nybyråkratisk stat, 12.-14. november 2012.
- Fjerde samling, Styring og samstyring, 14.-16. januar 2013.
- Femte samling, Fleirnivåstyring, 4.-6. mars 2013.
- Sjette samling, Oppsummering, 15.-17- april 2013.

## 2.Vurdering frå studentane

På siste samling vart det gjennomført ei evaluering av samling og emna av studentane. Dei vart gitt eit kort evalueringsskjema, resultatet kan ein sjå under.

**Tabell 1: Studentanes vurdering av samlinga og emne. Skala frå 1-6, der 1 er dårlig og 6 er svært godt**



Studentevalueringa må generelt sett – samanlikna med tilsvarande frå ordinære heiltidsstudentar - sias å ligge på eit høgt nivå både når det gjelder faglige og sosiale aspekt ved kurset. Ein ser at det som får dårligast utteljing er arbeid i grupper. Dette kan ha to forklaringar. For det første kan det vera dei ser på det som ei tilbakemelding på siste samling, der ein mest ikkje arbeida i grupper. For det andre så er det og mykje mindre gruppearbeid på ODIN enn i dei andre emna. Gruppene på ODIN har ingen formell funksjon, og er berre oppretta som kollokviegrupper.

### **Kvalitative tilbakemeldingar:**

Andre del av evalueringa er ein del der studentane kan gi ein skrifteleg og meir utfyllande tilbakemelding i tre ulike kategoriar. Under følgjer ei oppsummering av desse.

#### **Kva var bra:**

I dei skriftlege tilbakemeldingane så er og studentane veldig positive. Element som vart trukket positivt fram er førelesningane. Dei vart omtala som gode og varierte, og ein stad der det er rom for å stille alle typar spørsmål. Ein annan arena som får mykje skryt er gruppene, både fagleg og sosialt. Studentane setter pris på å møte tillitsvalde med forskjellig bakgrunn frå heile landet. Fleire trekk fram at emnet har vore lærerikt og gitt dei ny innsikt som dei kan nytta som eit verktøy i arbeidslivet. Den generelle tilrettelegginga vart og trukket fram som eit positivt aspekt ved kurset.

#### **Råd til arrangør/LO-stat:**

Studentane gir og her veldig gode tilbakemeldingar, ein student skriv: «Kan umulig gjøres bedre». Fleire av studentane fremjar tanken om eit nytt studie som dei kan fortsette på. Dei er nøgde med det dei sit igjen med og ønskjer at kompetanse vart nytta vidare. Ein tilbakemelding legg og til at det hadde vore bra med ein tydligare kommunikasjon rundt utfordringane emnet vil by på.

### 3. Arbeidskrav

For å kunne ta eksamen må studentane ha levert inn to godkjente debattinnlegg og to godkjente oppgåver. Studentane må sjølv velje under kva tema dei skal skrive desse. Dei tema som vart nytta for debattinnlegg kan ikkje nyttast til å skrive oppgåve om, og motsett.

Målet med studiekrava er at studentane skal få trening i å anvende faget, og dermed vise at dei kan bruke dei perspektiva og omgrepa som er knytt til studietilbodet. Oppgåvene må leverast individuelt, og bør ha eit omfang på 5-8 sider.

I samanheng med oppgåvene skal studentane sjølv velje ut deler av litteraturen og legge denne opp som sjølvvald pensum. Det utvalde pensumet skal vera på om lag 150 sider og må godkjennast av fagansvarleg.

Alle innleveringar av oppgåver og debattinnlegg skjer via nettplattforma KARK. Her lastar studentane opp arbeida sine og kan få tilbakemeldingar frå rettleiar. Tidligare erfaringar visar at for mykje innblanding frå faglærar i debattane kan gjera terskelen for andre studentar å legge inn innlegg litt for stor, difor vart slik innlegg haldt til eit minimum. Når det er sagt så må det leggst til at det var fleire gode debatt-trådar som vart skapte av dette kullet på KARK.

## 4. Eksamensresultat og gjennomføringsrate

### Eksamensresultat for kullet 2012/2013

Tabell 2: Karakter, samla for kullet.

| Karakter             | Antall |
|----------------------|--------|
| A                    | 3      |
| B                    | 7      |
| C                    | 14     |
| D                    | 7      |
| E                    | 3      |
| F                    | 0      |
| Totalt               | 32     |
| Snittkarakter        | C      |
| Aritmetisk gj. snitt | 3,13   |

**Tabell 3: Karakter, oversikt 2007-2013.**

| Karakter                       | 2007     | 2009     | 2013     |
|--------------------------------|----------|----------|----------|
| <b>A</b>                       | 2        | 2        | 3        |
| <b>B</b>                       | 6        | 7        | 7        |
| <b>C</b>                       | 10       | 13       | 14       |
| <b>D</b>                       | 6        | 9        | 7        |
| <b>E</b>                       | 1        | 1        | 1        |
| <b>F</b>                       | 0        | 0        | 0        |
| <b>Total</b>                   | 25       | 32       | 32       |
| <b>Snittkarakter</b>           | <b>C</b> | <b>C</b> | <b>C</b> |
| <b>Modalkarakter</b>           | <b>B</b> | <b>C</b> | <b>C</b> |
| <b>Aritmetisk<br/>gj.snitt</b> | 3,08     | 3,00     | 3,13     |


**Tabell 4 b. Gjennomføringsrate (Andel av kandidatar bestått eksamen av alle oppmelde)**

2007: 83 %

2009: 82 %

2013: 86 %

## Gjennomsnittskarakter for kull.



Gjennomsnittlig slutt karakter for alle kull ligg på om lag C. Ein ser ein liten nedgang frå det første kullet i 2007 til neste kull i 2009, men ikkje noko dramatisk. Men det er kjekt å merke seg at kullet som avla eksamen i 2013 er det kullet med høgast gjennomsnittskarakter i emnet sin historie.

## 5 Oppsummering

I forkant av gjennomføringa av ODIN i 2012/2013 vart det gjort ein del større endringar både på rammeprogrammet og på pensum. Nye tema blei tatt med, og nye bøker kom på pensum. Dette har ført til at ein større del av pensum vart på norsk, noko studentane etterlyser. Dette arbeidet vil fortsette framover, men fokus vil alltid vera på kvalitet av pensum framfor om det er på norsk eller engelsk.

Endringane førte og til at fleire aktørar vart tatt inn som førelesarar på emnet. Denne variasjonen har blitt godt tatt imot av studentane. Det har og vart nytta ein del yngre førelesarar som kan vera nyttig for rekruttering av førelesarar på denne typen emne i framtida.

Bergen desember 2013

Dag Runar Jacobsen  
Førsteamanuensis, prosjektleiar

Johannes S. Førde  
EVU – koordinator